



# Årsrapport 2013 for Fylkesmannens tilsyn med barnevernet i Rogaland

## **1.0 INNLEIING**

### **2.0 TILSYNET MED DEI KOMMUNALE BARNEVERNTENESTENE**

- 2.1 Rapporteringar frå kommunar og barneverntenester**
- 2.2 Tilsyn med grunnlag i fristoverskriding**
- 2.3 Tilsynssaker etter barnevernloven**
- 2.4 Systemrevisjonar**
- 2.5 Anna tilsyn**
- 2.6 Fylkesmannens tilsynsvurdering av situasjonen i det kommunale barnevernet**

### **3.0 TILSYNET MED INSTITUSJONANE**

- 3.1 Tilsynssaker etter forskrift om tilsyn med barneverninstitusjoner**
- 3.2 Barneverninstitusjonar, omsorgssentra for mindreårige og sentra for foreldre og barn**
- 3.3 Institusjonar underlagt tilsyn**
  - 3.3.1 Samtalar med barna**
- 3.4 Bruk av tvang**
- 3.5 Fylkesmannens tilsynsvurdering av situasjonen i institusjonane**

### **4.0 KLAGESAKSBEHANDLING**

- 4.1 Klagar retta mot kommunane**
- 4.2 Andre forvaltningssaker knytte til kommunane**
- 4.3 Klagar retta mot institusjonane**

## **5.0 RÅD OG RETTLEIING**

## 1.0 INNLEIING

Fylkesmannens tilsynsansvar etter lov om barneverntjenester omfattar tilsynet med barneverntenestene i kommunane, barneverninstitusjonane, sentra for foreldre og barn, og omsorgssentra for mindreårige, jf. barnevernloven (bvl.) §§ 2-3 fjerde ledd, 5-7 og 5A-7.

I følgje forskrift om tilsyn med barneverninstitusjoner, skal Fylkesmannen ved utgangen av året utarbeide ein årsrapport om tilsynsverksemda, jf. § 14. Tilsvarande gjeld for tilsynet med sentra for foreldre og barn, jf. forskrift for sentre for foreldre og barn § 28. Årsrapporten om institusjonane inngår i denne årsrapporten, som såleis er ei samla framstilling av tilsynet og klagebehandlinga hjå Fylkesmannen. Mot slutten av rapporten er det eit eige kapittel om rådgjevings- og rettleiingsverksemda som Fylkesmannen har utført, og som ikkje er ledd i tilsyn.

## 2.0 TILSYNET MED DEI KOMMUNALE BARNEVERNTENESTENE

### 2.1 Rapporteringar frå kommunar og barneverntenester

Ved utgangen av 2013 var det 21 barneverntenester som utførte oppgåvene for dei 26 kommunane i fylket.

Fylkesmannen har gjennomgått dei halvårlege rapporteringane frå kommunane og dei slutførte fristskjemaa frå barneverntenestene, som er sende til Fylkesmannen ved utgangen av kvart kvartal. Data gir kunnskap om barneverntenesta, irekna tilsette, meldingar, undersøkingar og tiltak. Data gir også kunnskap om fristoverskridingar, kor mange barn som har tiltaksplan og omsorgsplan, kor mange som er plassert i fosterheimar og omfanget av tilsynet med barn i fosterheimar.

Data er brukte for å forstå utviklinga over tid og den faktiske situasjonen i barneverntenestene/kommunane. Samanhaldne med data frå Statistisk sentralbyrå og andre kunnskapskjelder, gir data eit grunnlag for tilsyn og anna oppfølging av kommunane. Halvårsrapportane er sende inn til Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet. Dataa er tilgjengelege for kommunane i Rapporteringsbanken på nettstaden til departementet.

### 2.2 Tilsyn med grunnlag i fristoverskridingar

Fylkesmannen har med grunnlag i gjennomgangen av fristskjema frå barneverntenestene, fått kunnskap om fristoverskridingar. I 2013 har Fylkesmannen teke kontakt med 6 kommunar i Rogaland for å få nærare klargjering av årsakene til fristoverskridingane. Det har og vore gjennomført eit møte med ein kommune som omhandla kommunens brot på fristar. Fylkesmannen har også følgd opp kommunane mellom anna gjennom rådgjeving og rettleiing, jf. forskrift om mulkt etter barnevernloven.

Det er i 2013 ikkje gitt mulkt til nokon av kommunane i Rogaland.

### 2.3 Tilsynssaker etter barnevernloven, jf. bvl. § 2-3 fjerde ledd

| Tilsynssaker <sup>1</sup> (hendingar og forhold underlagt tilsyn) | Tal |
|---|-----|
| Ikkje avslutta saker ved utgangen av 2012                         | 31  |
| Innkome saker i 2013  | 55  |
| Behandla saker i 2013   | 70  |
| Behandla saker i 2013 konkludert med lovbrøt                      | 15  |
| Ikkje avslutta saker ved utgangen av 2013                         | 16  |

Fleire av sakene kor det er konkludert med lovbrøt har vore brot på bv.l. § 4-3. Brota omhandlar både gjennomføringa av undersøkinga og at fristane for undersøking ikkje er overhalde jf. § 6-9. Det har og vore brot på bv.l. § 7-10 kor fristane for å fremje saker til fylkesnemnda ikkje er overhalde, brot på oppfølginga av vedtak om omsorgsovertaking jf. 4-16, brot på § 4-22 som gjeld oppfølging av fosterheimar og brot på § 4-19 som gjeld samvær. Det er også gitt eit brot på § 6-3 kor eit barns rett til medverknad ikkje var oppfylt, og eit brot på § 4-5 kor kommunen ikkje har følgd opp hjelpetiltak slik loven krev.

Dei andre sakane har handla om klage på fristar, på saksbehandling, undersøkingar, krav om innsyn, partsrettar og omsetting av dokumenter.

<sup>1</sup> Tilsynssak er ei sak der Fylkesmannen har vurdert at motteken informasjon krev tilsynsmessig oppfølging.

## 2.4 Systemrevisjonar

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn som systemrevisjon med tema frå barnevernloven i 2 kommunar og har gjennomført eit «spredningsprosjekt» til 5 kommunar.

Eit av tilsyna gjekk inn i det landsomfattande tilsynet med det kommunale arbeidet med undersøking og evaluering av hjelpetiltak til heimebuande barn, initiert av Statens helsetilsyn 2012.

Det andre tilsynet og «spredningsprosjektet» gjekk inn i det landsomfattande tilsynet med det kommunale arbeidet med oppfølging av kommunale fosterheimar initiert av Statens helsetilsyn 2013.

Det vart funne brot på krav stilte i eller i medhald av lov eller forskrift i begge tilsyna som er gjennomførde. Nokre døme på lov- og/eller forskriftsbrot er:

- Gjesdal kommune sikrer ikke systematisk gjennomføring av undersøkelser i henhold til krav i lov og forskrift
- Stavanger kommune sikrer ikke systematisk oppfølging og kontroll av alle barn i kommunale fosterhjem

## 2.5 Anna tilsyn

Stikkprøvekontrollen i Stavanger kommune som omhandla mottatte meldingar vart følgt opp i 2013.

## 2.6 Fylkesmannens tilsynsvurdering av situasjonen i det kommunale barnevernet

Det er avdekket avvik ved begge systemrevisjonane vi har gjennomført i 2013. I avvika ser vi at det er manglar i kommunens styring og oppfølging av barneverntenesta. Manglande styring fører til at feil ikkje blir fanga opp og korrigert. Dokumentasjon av saksbehandlninga er i mange saker ikkje god nok, og særleg skriftleggjing av dei faglege vurderingane manglar i sakene.

Barnevern leiing er utfordrande. Fylkesmannen er uroa over at nokre kommunar slit med å få stabil og erfaren leiing med god leiarkompetanse og vil satse på tiltak for å styrke barnevernleiinga i kommunane i 2014.

Satsinga på det kommunale barnevernet har gitt kommunane betre kapasitet, men ennå er det utfordringar og brot på lovkrav i det kommunale barnevernet i Rogaland. Kommunane rapporterer om ein auke i talet på saker som følgje av satsinga. Kommunane opplyser og at rekruttering ikkje er like lett som tidlegare og i nokre kommunar er det ei utfordring å halde på personell over tid. Dei tilsett fleire utan erfaring frå barnevernet, og opplæring av nye tilsette er meir utfordrande. Vi kan sjå ei lita nedgang i talet på brot på fristar. Talet på barn under omsorg og barn med hjelpetiltak viser ei lita auke, barn med omsorgsplan aukar, mens talet på barn med tiltaksplan har gått ned.

Kommunane er i utvikling og arbeider med å auke kompetansen og tilboda innan eigen kommune. Fleire kommunar har etablert eigne tiltaksteam/avdelingar dei siste åra og kan gi tilbod om metodiske tiltak til barn og familiar innan eigen kommune. Dei to største kommunane har invitert omliggjande kommunar til samarbeid om tiltaksutvikling. Dei fleste kommunane har gjennomført opplæring i Kvello sine metodar og det er utvikla samarbeid mellom kommunar for vedlikehald av desse metodane. Det er etablert kompetansenettverk mellom ulike kommunar i fylket som gjennomfører opplæring saman, og som dreg nytte av einannan. Stillingar til tiltaksarbeid som kommunane har fått gjennom satsinga på det kommunale barnevernet har kome godt med. Det er positivt at samarbeidet mellom kommunane er blitt tettare, men Fylkesmannen er samstundes uroa over dei små kommunane sine tenester etter Bufetat ikkje lengre gir tilbod om tenester for barn som bur heime.

I Rogaland deltek dei tre minste kommunane i interkommunale barneverntenester. I Dalane er det inngått interkommunal avtale med Eigersund kommune som vertskommune. I 2013 har tre kommunar, Randaberg, Rennesøy og Finnøy utreda vertskommunesamarbeid og spørsmålet et for tida til politisk handsaming. Det er enno fleire små kommunar som har små og sårbare tenester i fylket.

## 3.0 TILSYNET MED INSTITUSJONANE

### 3.1 Tilsynssaker etter forskrift om tilsyn med barneverninstitusjoner, jf. § 11

| Tilsynssaker <sup>2</sup> (hendingar og forhold underlagt tilsyn) | Tal |
|---|-----|
| Ikkje avslutta saker ved utgangen av 2012                         | 5   |

<sup>2</sup> Tilsynssak er ei sak der Fylkesmannen har vurdert at motteken informasjon krev tilsynsmessig oppfølging.

|   |   |
|---|---|
| Innkømne saker i 2013                                     | 2 |
| Behandla saker i 2013                                     | 5 |
| Behandla saker i 2013 konkludert med lovbrøt <sup>3</sup> | 2 |
| Ikkje avslutta saker ved utgangen av 2013                 | 2 |

Det har vært drøfta om desse sakane kan/skal handsamast etter § 11 i tilsynsforskrifta eller etter § 2-3 i barnevernlova. Nokre av desse sakane er handsama etter § 2-3. I denne rapporten er desse sakane talt her.

Dei to sakane der vi har funne lovbrøt omhandlar medisinsk tilsyn og behandling, samvær og besøk og tilrettelegging for eit funksjonshemma barn.

### 3.2 Barneverninstitusjonar, omsorgssentra for mindreårige og sentra for foreldre og barn

Fylkesmannen har i løpet av 2013 ført tilsyn med i alt 13 barneverninstitusjonar, irekna 43 avdelingar/einingar. Fem institusjonar er statlege, og sju institusjonar blir eigde og drivne av private, av desse er fire ideelle institusjonar. Ein institusjon er kommunal. I løpet av året har følgjande endringar skjedd:

- Skåland Ungdomssenter, som var ein statleg instiutsjon, er lagd ned.
- Bokn bufellesskap som er ein ideell institusjon, har redusert frå tre til to avdelingar.

Ved utgangen av året var det 12 barneverninstitusjonar, irekna 41 avdelingar/einingar.

### 3.3 Institusjonar underlagt tilsyn

#### Barneverninstitusjonar underlagt tilsyn, jf. forskrift om tilsyn med barneverninstitusjonar §§ 7, 8 og 9

| Barneverninstitusjonar                               | Tal avd | Eigar    | Gjennomførde syst.rev. jf. § 9 | Lovpålagde besøk, jf. § 8 <sup>4</sup> | Utførte besøk, jf. § 8 | Av dei umelde, jf. § 8 | Sum tal på samtalar med barn | Sum barn plasserte på tilsynstids-punkta |
|--|---------|----------|--------------------------------|--|------------------------|------------------------|------------------------------|--|
| Bufellesskapa på Bokn                                | 3       | Privat   |                                | 2                                      | 1                      | 0                      | 5                            | 7  |
| EMbo (bv-inst. for einslege mindreårige flyktningar) | 6       | Kommunal |                                | 12                                     | 12                     | 6                      | 25                           | 45                                       |
| Haugesund barnevernsenter                            | 2       | Statleg  |                                | 2                                      | 3                      | 1                      | 9                            | 17                                       |
| Hiimsmoenkollektivet                                 | 2       | Privat   |                                | 6                                      | 6                      | 3                      | 25                           | 45                                       |
| Josefinestiftelsen                                   | 1       | Privat   | 1                              | 2                                      | 2                      | 1                      | 4                            | 6  |
| Sandnes barnevernsenter                              | 3       | Statleg  |                                | 10                                     | 11                     | 5                      | 14                           | 22                                       |
| Stavanger Akuttsenter                                | 3       | Statleg  |                                | 10                                     | 10                     | 5                      | 14                           | 22                                       |
| Stavanger barnevernsenter                            | 4       | Statleg  |                                | 8                                      | 8                      | 4                      | 15                           | 20                                       |
| Tiltaksgruppen                                       | 2       | Privat   |                                | 3                                      | 3                      | 2                      | 5                            | 4  |
| Tiltak for ungdom TUA                                | 11      | Privat   | 1                              | 24                                     | 22                     | 5                      | 11                           | 22                                       |
| Tryggheim barneheim                                  | 1       | Privat   | 1                              | 2                                      | 4                      | 1                      | 4                            | 6  |
| Vesterled A/S Fosterheimar § 4-27                    | 3       | Privat   |                                | 7                                      | 7                      | 3                      | 5                            | 7  |
| <b>Sum</b>   |         |          | 3                              | 88                                     | 89                     | 36                     | 136                          | 223                                      |

<sup>3</sup> Med lovbrøt meiner vi også brot på forskrift, fordi forskrift er heimla i lov.

<sup>4</sup> Institusjonar som tek imot barn plassert etter §§ 4-24/4-26 skal besøkast minst fire gonger kvart år, dei øvrige minst to. Har institusjonen berre vore i drift ein del av året, kan kravet endrast forholdsmessig.

Det har vore kontakt mellom tilnærma alle institusjonane og tilsynet utanom tilsynsbesøka. Mykje av kontakten har vore råd og rettleiing i telefonen. Fylkesmannen har hatt eit møte med Haugesund barnevernsenter kor også regionskontoret i Bufetat var med. Bakgrunnen for møte var tilsynet si bekymring for Haugesund barnevernsenter sin bruk av tvang (både omfang og ulovleg tvang), dokumentering av tvang og korleis rettstryggleiken for dei som vert utsette for tvang blir ivarettatt.

Saker/forhold som er tekne opp i løpet av året, jf. §12 andre ledd:

Det er gitt to grunngjevne meldingar og fire pålegg i 2013. Det eine pålegget vart oppretthalde over to tilsyn og det andre pålegget er også vidareført ved neste tilsyn og er framleis ikkje lukka.

Pålegg:

- Haugesund barnevernsenter har fått pålegg om å sikre at institusjonens rutinar og praksis for bruk av tvang er i tråd med regelverket, og sikre at evaluering av rutinar, oppfølging, kontroll og korrigeringsrutinar og praksis er forsvarlig.
- Haugesund barnevernsenter har fått pålegg om å legge fram en plan som viser korleis institusjonen arbeidar med å førebyggja tvangsbruk på individ og systemnivå, samt og leggje fram ein plan for rekruttering og kompetanseheving.
- Bokn bufelleskap har fått pålegg som gjeld manglande politiattestar.
- Stavanger akuttsenter har fått pålegg om å sikre at institusjonens rutinar, oppfølging, kontroll og korrigeringsrutinar og praksis når det gjeld tvangsbruk er i tråd med regelverket.

Grunngjevne meldingar:

- Tiltaksgruppen har fått ein melding som gjeld betre oppfølging av tvangsbruk i tråd med Rettighetsforskriften.
- Haugesund barnevernsenter har fått ein melding som gjeld systematisk føring, gjennomgang og innsending av tvangsprotokollar. Institusjonen må innhente dispensasjon for bebuar som er utanfor målgruppa, samt følgje opp arbeide med å finne nye tiltak for bebuarar som har budd på institusjonen utover planlagd tid.

Andre forhold som er kommentert etter individtilsyn:

- Svikt i styringa, ikkje fanga opp ulovleg tvangsbruk
- Rutinar for å sende inn tvangsprotokollar som er klaga på fortløpande, og generelle rutinar for å sende inn protokollar til Fylkesmannen
- Utfylling av tvangsprotokollar – mangelfull utfylling
- Raskare utfylling av handlingsplanar.
- Innlåsing av sko og yttertøy
- Beslag av pengar funne under ransaking

Følgjande tema er gjennomgått i systemrevisjonane:

Om systemrevisjonane på institusjonane blir det vist til «Rapportering av planlagde tilsyn» med frist 20. januar 2014.

### **Omsorgssentra underlagt tilsyn, jf. forskrift om tilsyn med barneverninstitusjoner §§ 7, 8 og 9**

Det er ingen omsorgssenter i Rogaland

### **Sentra for foreldre og barn, jf. forskrift for sentre for foreldre og barn § 25**

| Sentra for foreldre og barn               | Ant. avd. | Eigar   | Gjennomført tilsyn, jf. § 25 andre ledd |
|---|-----------|---------|---|
| Stavanger og Fonna barn- og familiesenter | 1         | Statleg |   |
| Solstrand foreldre- og barn senter        | 1         | Privat  |   |

Fylkesmannen har hatt ett møte med Stavanger og Fonna barn- og familiesenteret i 2013 kor fylkesmannen fekk informasjon og omvisning på avdelingen.

### **3.3.1 Samtalar med barna, jf. forskrift om tilsyn med barneverninstitusjoner § 8**

Fylkesmannen har snakka med 136 av 223 bebuarar på det tidspunktet tilsynet fann stad.

Ein av grunnane til at vi ikkje har snakka med alle bebuarane er at ikkje alle er til stades på institusjonen når tilsynet vert gjennomført. Nokre av bebuarane var på besøk hos familie eller andre. Andre var på aktivitet utanfor institusjonen, på rømmen og nokon ønskte ikkje å samtale med tilsynet. Dette gjaldt både ved planlagde og umelde tilsyn. Dei aller fleste samtalar vert gjennomførte individuelt, men tilsynet har også gjennomført nokre få samtalar kor to eller fleire bebuarar ønskte å snakke med tilsynet i saman.

Det sendes alltid ut generell informasjon om tilsynet til dei tilsette i institusjonen som vi ber dei om å gå gjennom med bebuarane. I tillegg får alle bebuarane munnleg informasjon om tilsynet når vi er å på tilsynsbesøket. Vi legger vekt på å få treffe alle nye bebuarar og gir alle bebuarane tilbod om samtale. Vi legg tidspunkta for tilsynsbesøka til tidspunkt kor vi reknar med at bebuarane er heime. Dei bebuarane som ikkje er til stades ved umelde tilsyn, får alltid tilbod om å ta kontakt med oss i etterkant for ein samtale.

### **3.4 Bruk av tvang, jf. forskrift om tilsyn med barneverninstitusjoner § 7 fjerde ledd, og kap 3 og 4, jf. § 26, i rettighetsforskriften**

Fylkesmannen har avtalar med alle institusjonane om å sende inn tvangsprotokollar og vedtak med jamne mellomrom og fortrinnsvis ein gong i månaden. Tvangsprotokollane blir gått gjennom fortløpande. Protokollar som er klaga på skal sendas inn til Fylkesmannen utan opphald.

I 2013 er det for alle institusjonane kontrollert til saman 819 **protokolleringar og vedtak**. Dette er ein nedgang på ca. 200 protokollar frå 2012. Institusjonen Skåland er lagt ned, noko som kan være med å forklare nedgangen. Fylkesmannen er og uro for at enkelte av institusjonane i fylket ikkje rapporterer all tvangsbruken, og vi har starta eit samarbeid med Bufetat for å sikre dokumentasjon av tvangsbruk i dei statlege institusjonane.

### **3.5 Fylkesmannens tilsynsvurdering av situasjonen i institusjonane**

Det er vår vurdering at barneverninstitusjonane gir ungdommane forsvarleg omsorg og behandling med unntak i ein statlig institusjon, der det har oppstått uforsvarlege forhold i 2013. Ved denne institusjonen har det vært inntaksstopp sidan september og talet på bebuarar er redusert frå åtte til tre.

Fylkesmannen er og uroa for situasjonen i nokre av dei andre statlege og dei ideelle institusjonane i fylket. Dei statlege institusjonane er framleis prega av omstillingane som er gjort dei siste åra. Dei fleste av dei statlege institusjonane har hatt/har utfordringar med å rekruttere kvalifiserte og erfarne medarbeidarar. Vi ser at nokre av dei ideelle institusjonane får meir utfordrande bebuarar med åtferdsvanskar, og dei er ikkje godt nok rusta for å ivareta ungdommane sine behov og/eller har ein særskilt krevjande åtferd. Som følge av dette flyttar fleire barn frå statlege og ideelle institusjonar til private tiltak.

Fylkesmannen er og svært bekymra over nokre av institusjonane si omfattande bruk av tvang som er heimla i § 14 i rettighetsforskriften og at vi vurderer i mange tilfelle at denne tvangen er ulovleg.

Det har og vært knytt uro til dei § 4-27 fosterheimane som vi fører tilsyn med hos Vesterled, kor vidt dei klarer å ramme inn bebuarane der godt nok, spesielt i forhold til rusing hos bebuarane.

Vi opplever og utfordringar knytt til at fleire bebuarar ved institusjonane ikkje får utredning, hjelp og behandling hos BUPA som institusjonane vurderer at dei treng.

## 4.0 KLAGESAKSBEHANDLING, jf. barnevernloven § 6-5 og rettighetsforskriften § 27 første og andre ledd

### 4.1 Klagar retta mot kommunane

I 2013 har Fylkesmannen registrert følgjande når det gjeld klagesaker etter barnevernloven, jf. § 6-5:

| Klager på enkeltvedtak                    | Tal |
|---|-----|
| Ikkje avslutta saker ved utgangen av 2012 | 3   |
| Innkømne saker i 2013                     | 4   |
| Behandla saker i 2013                     | 7   |
| Ikkje avslutta saker ved utgangen av 2013 | 0   |

| Utfallet av klagebehandlinga | Tal |
|------------------------------|-----|
| Avvist                       | 1   |
| Oppheva og tilbakesendt      | 4   |
| Endra                        | 0   |
| Stadfesta                    | 2   |
| Sum <sup>5</sup>             | 7   |

| Saksbehandlingstid <sup>6</sup> |                      |
|---------------------------------|----------------------|
| Tal tre månader eller mindre    | Tal over tre månader |
| 3                               | 4                    |

Fylkesmannen har behandla 17 saker etter forvaltningslova. I seks av desse sakene er det oppnemnt settekommune og det er gitt avslag om å oppretta settekommune i ei sak. Det er gitt fem avslag på innsynskrav og eit avslag på dekning av saksomkostningar. Det er gitt eit lovbrøt på teieplikta og det er konkludert med ikkje brot på teieplikta i ei anna sak. Det er og gitt brot på rett til å gjere seg kjent med sakens dokument og kommunens plikt til å greie ut og gi informasjon i saka.

### 4.2 Andre forvaltningssaker knytte til kommunane

Ingen saker.

### 4.3 Klagar retta mot institusjonane, jf. rettighetsforskriften § 27 første og andre ledd

Klager frå barna eller deira føresette som har vore lagt fram for Fylkesmannen i munnleg eller skriftleg form, nokre av desse framlagde under tilsynsbesøk og andre ved direkte kontakt med Fylkesmannen.

Fylkesmannen har i 2013 behandla 62 klager frå bebuarar på institusjonane eller frå deira føresette.

Fylkesmannen har hatt oppfølging med nokre av institusjonane gjennom individtilsyna i saker kor det ikkje er fatta einskildvedtak etter § 26 første ledd eller at vedtaket er fatta for seint. Vi har behandla ei klage etter § 26 andre ledd kor det vart gitt medhald i klaga.

Det har vært ein stor auke i saker som er klaga på. Vi har mottatt 62 vedtak i 2013 som er klaga på, mot 20 klager i 2012. Ein av årsakene til denne auken kan vere at det er ein auka medvit hos personalet ved institusjonane om bebuaranes rett til å klage. Klagene omhandlar bruk av tvang i akuttsituasjon, kroppsvisitasjon, ransaking av rom og eigendelar og beslag av eigendelar. Klagene omhandlar og avgrensingar i høve til å gå utanfor institusjonens område, besøk i institusjonen og bruk av elektroniske kommunikasjonsmidlar.

Det er gitt medhald i 11 saker. Dette er i to klager på ransaking av rom og eigedelar, sju klager på bruk av tvang i akuttsituasjon, ei sak på avgrensing av besøk i institusjonen. Den siste saken er det gitt medhald i klage etter § 25 andre ledd kor det er avgjersla om rusmiddeltesting vart fatta for seint

<sup>5</sup> Skal vere lik tal behandla klagar i 2013 i tabellen over.

<sup>6</sup> Saksbehandlingstid er tida frå klagen kom inn hjå Fylkesmannen til behandlinga var avslutta.



| Klager retta mot institusjon, jf. rettighetsforskriften § 27   | Tal |
|--|-----|
| Ikkje avslutta saker ved utgangen av 2012  | 1   |
| Innkomne saker i 2013  | 64  |
| Behandla saker i 2013 <sup>7</sup>   | 62  |
| Klagar over einskildvedtak, jf. rettighetsforskriften §§ 14-18 og §§ 22-24, jf. §§ 26 første ledd og 27 andre ledd | 61  |
| Klagar over andre brot på forskrifta jf. § 27 andre ledd   | 1   |
| Ikkje avslutta saker ved utgangen av 2013  | 3   |

| Utfallet av klagebehandlinga | Tal |
|------------------------------|-----|
| Avvist                       | 1   |
| Medhald                      | 11  |
| Ikkje medhald                | 50  |
| Sum <sup>8</sup>             | 62  |

| Saksbehandlingstid <sup>9</sup> |                      |
|---------------------------------|----------------------|
| Tal tre månader eller mindre    | Tal over tre månader |
| 57                              | 5                    |

## 5.0 RÅD OG RETTLEIING

I medhald av barnevernloven § 2-3 fjerde ledd bokstav a, skal Fylkesmannen sørge for at kommunane får råd og rettleiing. Vi har dagleg kontakt med tilsette i barneverntenestene.

Vi har og hyppig kontakt med tilsette i barneverninstitusjonene og ofte med tilsette i Bufetat. Vi har regelmessige møter med regionskontoret i Bufetat.

Samling for barnevernleiarane i 2013 omhandla endringar i barnevernlova, internkontroll i praksis samt utfordringar i barnevernleiing.

### Satsing på kommunalt barnevern 2013:

Det blei fordelt 23,9 stilling til kommunane i 2013 i tillegg til dei 38 stillingane som blei tildelt i 2011 og 2012. Vi har og invitert kommunane til to samlingar med tema medverknad, internkontroll, saksbehandlingsregler knytt til barnevernlova og forvaltningslova, utviklingsstøttande omsorg og vold i nære relasjonar.

### Presse/media

Fylkesmannen opplever til tider stor aktivitet frå media, og vi prøver å gi media den informasjon dei ønskjer, så raskt som mulig.

<sup>7</sup> Skal vere lik summen av dei to radane under (klagar over einskildvedtak og klagar over andre brot på forskrifta).

<sup>8</sup> Skal vere lik tal behandla klagar i 2013 i tabellen over.

<sup>9</sup> Saksbehandlingstid er tida frå klagen kom inn hjå Fylkesmannen til behandlinga var avslutta.